BARNEOMBODET

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbehandlar:	Dato:
	15/01526-2	Elin Saga Kjørholt	23. november 2015

Høyring om endring i rammeplan for lærarutdanningar for å sikre kunnskap om vald og overgrep mot born

Vi viser til Kunnskapsdepartementet sin referanse 15/3130. Endringane skal sikra at kunnskap om vald og overgrep mot born blir ein del av alle lærarutdanningane. Barneombodet har kjempa for dette over lang tid, og er svært glad for desse endringane. Vi har tre kommentarar til høyringa.

1. **Kven som er høyringsinstans**

Barneombodet står ikkje på lista over høyringsinstansar. Det same gjeld ei rekkje organisasjonar som i mange år har arbeidd for at vald og overgrep mot barn skal vere eit kunnskapsmål i profesjonsutdanningane. Dette er uheldig. Vi ber om at departementet i tilsvarande høyringar i framtida sikrar at høyringslista inneheld dei instansane som er relevante for saka.

2. **Den praktiske gjennomføringa er svært viktig**

Endringane er meint å oppfylle regjeringa si tiltaksplan «Ein god barndom varar livet ut» tiltak nr. 36 b) om lærarutdanningane. Barneombodet er svært glad for dei endringane som blir foreslått, og vil gjerne understreka kor viktig det er at dei blir gjennomførde. Kunnskap hos ulike faggrupper er ein grunnleggande føresetnad for at born utsett for vald og overgrep blir oppdaga og får hjelp. Betydinga av dette kan ikkje understrekast sterkt nok.

3. **Tilsvarande endringar for helse- og sosialutdanningane er nødvendige**

Barneombodet vil påpeke kor viktig det er å få tilsvarande endringar i rammeplanane for andre fagutdanningar. Tiltak nr. 36 bokstav a) omhandlar dei same endringane for helse- og sosialutdanningane. Vi ber departementet sette ei frist for når tilsvarande endringar skal vere på plass for desse fagutdanningane.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Postadresse:
Postboks 8889 Youngstorget
0028 OSLO
Tlf 22 99 39 50

Besøksadresse:
Karl Johansgate 7
0154 OSLO
Inngang frå Dronningens gate

E-post:
post@barneombudet.no
www.barneombudet.no
Org.nr.: 971 527 765